

Rutine for søknad om midlertidig dispensasjon frå utdanningskravet for styrar eller pedagogisk leiar

Lovheimel

- *Lov om barnehager § 24: Styrer*
- *Lov om barnehager § 25: Pedagogisk bemanning*
- *Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar §§ 1 - 5*

Generelt

- Barnehageeigar kan søkja om midlertidig dispensasjon frå utdanningskravet til styrar og til pedagogisk leiar jf. barnehagelova §§ 24 og 25.
- Stillinga skal ha vore offentleg utlyst, og dersom det ikkje har meldt seg kvalifiserte søkjarar til stillinga (t.d. lokale aviser, NAV, oppslag på høgskule, m.m.). Barnehagen/eigar sine nettsider er ikkje tilstrekkeleg som offentleg utlysing.
- Kommunen legg følgjande til grunn i si vurdering:
 - utlysingstekst
 - om utlysinga er offentleg tilgjengeleg
 - tidspunkt for utlysinga
 - søknadsfrist for stillinga
- Dispensasjonen gjeld den personen det vert søkt dispensasjon for og i ei bestemt stilling i ein bestemt barnehage.
- Ved handsaming av søknadar om dispensasjon frå utdanningskravet vert dei reelle kvalifikasjonane til den det vert søkt for vurdert av kommunen.
- Stord kommune kan stilla vilkår ved dispensasjonen.
- Det vert ikkje kravd søknad om dispensasjon frå utdanningskravet når vikariatet er kortare enn tre månader.

Midlertidig dispensasjon

- Midlertidig dispensasjon kan gjevast til styrar og pedagogisk leiar i barnehage, og til pedagogisk rettleiar i familiebarnehage. Når kommunen vurderer om ein søknad skal innvilgast, vert dei reelle kvalifikasjonane til den det vert søkt for vurdert. I tillegg vurderer ein gjerne også kor lenge vedkomande har utført relevant arbeid i barnehagen, og kor sannsynleg det er at barnehagen innan rimeleg tid kan få tilsett ein kvalifisert søkjar. Søknad om dispensasjon frå utdanningskravet for pedagogisk leiar skal innehalda ein skriftleg uttale frå styrar, og frå barnehagen sitt samarbeidsutval.
- Midlertidig dispensasjon vert gjeve for maks eitt år om gongen.
- Stord kommune kan stilla vilkår om at den som får dispensasjon frå utdanningskravet for pedagogisk leiar, regelmessig får rettleiing frå styrar.

Søknad

- Eigar søker Stord kommune om dispensasjon.
- Søknaden skal skrivast på eige søknadsskjema og sendast fortløpande til Stord kommune v/ fagavdeling oppvekst og kultur, postboks 304, 5402 Stord. Alternativt kan innsending skje digitalt via eDialog:
- Søknaden vert handsama av barnehagefagleg rådgjevar i kommunen.

eDialog - Sikker innsending av dokumenter til kommunen

Vedtak og klage

- Av vedtaket skal mellom anna fylgjande koma fram:
 - Alle dispensasjonar skal knytast til den personen det vert søkt dispensasjon for (skal namngjevast i vedtaket), til ei konkret stilling i ein konkret barnehage.
 - Dei reelle kvalifikasjonane skal vurderast av kommunen.
 - Det skal visast til kor den aktuelle stillinga har vore offentleg lyst ut.
 - Eventuelle villkår skal tydeleggjerast.
 - Dispensasjonen si varigheit.
- Vedtak om dispensasjon er eit enkeltvedtak og skal grunngjevast
Jf. forvaltningslova § 2.
- Vedtaket vert sendt til søkjaren, dvs. eigaren.
- Vedtaket kan klagast på til Statsforvaltaren, *jf forvaltningslova §§ 28 og 29.*
- Klaga skal fremjast via kommunen. Dersom kommunen ikkje vurderer vedtaket på nytt og gjer det om, skal klaga sendast over til Statsforvaltaren for handsaming.